

Oppfølging av beredskapsplaner

I samarbeid med fylkesmennene og Helsetilsynet i fylka har Statens helsetilsyn ført vidare arbeidet overfor kommunane når det gjeld planar for helsemessig og sosial beredskap. I 2005 har mange kommunar utarbeidd planar, men per 31.12.05 mangla framleis 41 kommunar ferdige planar. Fleire av desse har meldt at dei er i ferd med å vedta planane sine i januar 2006.

Statens helsetilsyn vil i 2006 følgje opp dei kommunane som framleis ikkje har planar på plass. Det er likevel ikkje tilstrekkeleg at kommunane lagar planar for helsemessig og sosial beredskap. Det er eit nødvendig vilkår at kommunane byggjer beredskapsplanane og planverket på risiko- og sårbarheitsanalysar ut frå lokale forhold, og at dei blir oppdaterte. Planane må ha ein kvalitet som på grunnlag av den daglege drifta og saman med øvingar inneber ein beredskap som er tenleg for føremålet. Planane må vere tilpassa dei lokale forholda, slik at kommunen er i stand til å yte nødvendige helse- og sosialtenester ved eventuelle kriser og katastrofar.

I samarbeid med Fylkesmannen skal Helsetilsynet i fylket følgje opp dei kommunale planane for helsemessig og sosial beredskap. I 2005 har blant anna Helsetilsynet i Aust-Agder i samarbeid med beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen gjennomført tilsyn med helsemessig og sosial beredskap i fem av kommunane i fylket og gjort følgjande erfaringar:

- Risiko- og sårbarheitsanalysane er mangelfulle.
- Planane er lite operative.
- Aktørar som det blir stilt forventningar til gjennom planane, er ikkje alltid informerte om dette.
- Det er i liten grad øvd på planane. Ingen har øvd på varsling.

- Avviksmeldingar som indikator på potensiell sårbarheit og svikt er ikkje tekne i bruk.
- Planane er mangelfullt forankra i internkontrollsystemet i kommunen.
- Det er større merksemd om smittevernplanar enn andre delplanar innanfor helsemessig og sosial beredskap.
- Kommunane har god erfaring med å etablere psykososiale kriseteam.
- Planane er i liten grad samordna med planar ved sjukehusa og legevakta.
- Kommuneleiinga forventar at planar for helsemessig og sosial beredskap er integrerte i dei kommunale planane for kriseleiing og beredskap.
- Dei kommunane som har gitt ansvaret for beredskapsarbeidet til ein person, har større grad av kontinuitet, kvalitet og samanheng i planverket.

Kommunane innrømmer at dei kan ha nedprioriterert beredskapsarbeid i ein travel kvardag. Tilsynet fungerer både som ein kontroll av det arbeidet som er gjort, og som ei påminning om kor viktig det er å halde fram, og betre, arbeidet.

Det er laga ein ny og meir funksjonell mal for smittevernplan under leiing av ein kommunelege. Fylkesmannen i Aust-Agder har initiert ei fagsamling der denne blei presentert for interesserte kommunar.

